

Volda vidaregåande skule ikkje noko unntak:

DÅRLEG ØKONOMI



Dårleg økonomi er ei kjend problemstilling for offentlege skular. Dette fører til blant anna straumsparing, kutt i tilbod for lærarane, fagtilbod og utstyr. Pause har tatt seg ein prat med rektor Margaret Alme og tillitsvalt ved skulen, Olav Myklebust for å få eit betre innblikk i økonomien til skulen vår.

Side 6 og 7

Skeptisk til matautomat



I førre utgåve av Pause, kunne du lese at elevar ynskjer matautomat på nedre bygg. Pause har snakka med kantinepersonalet og rektor, som trur det er liten sjanse for at skulen investerer i dette.

Side 3

Dronning Alme



Med ti års erfaring innan rektoryrket er Margaret Alme førebudd på det meste. Og rektoren vår er glad i å bake brød, men det er det spesielle grunnar til.

Side 4 og 5

Sol og ski – påske



Det er tid for å gå på skiturar og for å ete kvikk-lunsj og appelsin til lunsj. Det er påske.

Side 8



Sol og snø. Påske.

Sola kjem sakte men sikkert fram. Den har gøymt seg bak dei store fjella. Men no, når den store, runde og gule gjenstanden lyser opp, har allereie store deler av Noreg si befolkning vakna. Dei har pakka niste, som selvfølgelig består av kvikk-lunsj og appelsin, pakka skia i bilen og sett kursen mot fjellet, for å gå på ski. Det er sol, det er snø, det er påske. Slik kan ein ideell påskedag for ein nordmann høyrast ut. Ofte kan ein assosiere desse tinga med påske, sjølv om ein ikkje markerar

påska med for eksempel å gå på ski. Det er nemleg ulike måtar å markere påska på. Både innad i Noreg, og i ulike delar av verda. Denne utgåva av Pause har eit påske-preg, med fargen gul, påskekyllingar og påskeegg. Meir om påsketradisjonar og påska som ei religiøs høgtid kan du lese om i avisa. I tillegg til desse har Pause som vanleg sine faste saker som «pausepraten», «Hummar & Kanari», som forresten tyder alt mogleg. I tillegg til eit portretintervju, der du i denne utgåva blir meir


kjend med vår kjære rektor, Margaret Alme. I førre utgåve av Pause sto det skrive ei sak om matautomat på nedre bygget, no kan lese meir om kor aktuelt dette er, med kommentarar frå leiinga. God påske!

Ingvild Marie Velsvik,
redaktør



www.mk-volda.com/pause
pauseavis@gmail.com

Redaksjonen



Ikkje tilstades: Linda Lien Nordstrand

Satsar på kantina i staden for automatar



Kantina vil tilby varme rettar kvar dag. F.v: Cecilie og Mia

I førre utgåve av Pause, kunne du lese at elevar ynskjer mat-automat på nedre bygg. Kantinepersonalet og rektor trur det er liten sjanse for at skulen investerer i dette.

Skeptisk til matautomat

Rektor, Margaret Alme, syns det er bra at elevar tek opp saker i elevrådet, men at ikkje alle er gjennomførlege. -Å få matautomat på nedre er sjølv sagt mogleg å få til, men på grunn av skulen sin økonomi, bør ein vere varsam med slike tiltak, fortel ho. -Vi i kantina har ikkje kapasitet nok til å drifte ein slik automat, fortel Mia, kantinesjef.

Fjernar brusautomatane

Etter at Brønne Brus la ned produksjonen, har brusautomatane ved skulen ofte stått tomme. Rektor kan fortelje at dei no skal fjernast for godt.

-Skulen har ikkje hatt særleg mykje inntekter frå automatane. Skulen er òg med i eit fylkesprosjekt der vi skal vere eit godt førebilete i forhold til elevane si helse. Kantina er mindre positiv til at dei no forsvinn. -Eg syns eigentleg at elevane sjølv burde få velje om dei vil kjøpe brus frå automatane eller ikkje, såpass vaksne som dei er, fortel Cecilie i kantina. Men rektor trur tilgjengelegheita påverkar elevane, sjølv om det er fleire butikkar i nærleiken dei likevel kan kjøpe brus frå.

Vil at kantina skal overleve

Mange vidaregåande skular i fylket slit med å halde sine kantiner i live. -Eg er oppteken av å ha ei god levande kantine på skulen, fortel rektor. Sjølv om kantina alltid har gått, og framleis går i underskot, vel skulen å drive den vidare.

-Kantina gjekk i minus med 24 000 i 2009, og tidlegare har det vore enda verre. Så det blir nok usannsynleg med ein mat-automat i næraste framtid.

Kantina forbetrar seg

Prisane i kantina har auka, men dette for å halde på godt og variert utval, forklarar dei tilsette. -Råvarene har vore såpass dyre at det måtte til, men det er først og fremst godteriet vi har sett opp, sidan maten er det viktigaste for elevane, fortel Mia og Cecilie. Dei lovar at kantina kjem til å bli flinkare med varmmat, gjerne kvar dag, og å tilpasse seg etter ynskjer frå elevane.

Espen André Breivik

Dronning



Med ti års erfaring innan rektoryrket er Margaret Alme førebudd på det meste. Og rektoren vår er glad i å bake brød, men det er det spesielle grunnar til.

Eg bankar forsiktig på døra til kontoret hennar. Med hysterisk store vindauge har ho god utsikt over den lille bygda. Bak pulten sin sit ho. Dronninga. Eg startar intervjuet med å seie at dersom ho tykkjer at nokre av spørsmåla eg stiller er for personlege, er det berre å seie i frå. Ho ler. Ingenting er for personleg for Margaret Alme.

Stort felt

"Kva er det beste med å vere rektor?" spør eg henne. I handa har ho ein penn ho fiklar med. -har sikkert skrive under eit par avtalar med den. "At eg har..." fotografen hostar. Ho held fram: "at eg har mykje folk rundt meg. At eg jobbar i

eit stort miljø med mykje folk rundt meg". Ho ser på meg. Ho har eit alvorleg blikk. "Ingen dag er lik. Og.. Det er eit breitt spekter med arbeidsoppgåver". Ho stoppar. Ser ut gjennom vindauga. "Frykteleg stort felt". Då eg spør henne kva det verste med å vere rektor er, svarar ho kjapt: "Det at ein aldri har tid til å gjere ting skikkeleg nok". Ho ser ned i bordet. Lar pennen snurre rundt fingrane. "Det er vel kanskje det som er det verste."

Mørkeredd

Kontoret hennar lyser seriøsitet. Nesten slik at eg blir litt nervøs av heile greia. Det heng nokre bilete på veggen. Men elles lite fargar. Når eg snur meg for å sjå ut dei gigantiske vindauga, er det berre grått vêr som møter blikket mitt. Vi snakkar litt om vêret. Om utsikta. Om Volda. Men så er det tilbake til intervjuet. Kan ikkje rote bort verdifull tid. Hennar tid,

altså. "Tykkjer du det er eit stort ansvar?" spør eg henne. Ho ser ut i lufta. Trekkjer litt på det. Til slutt seier ho ja. Litt alvorleg. "Når ein ser på skulen sin plass i samfunnet og kor viktig den eigentleg er, så kan ein byrje å bli litt mørke-redd for det ein driv med".

Ho byrjar å fortelje ei historie. Ei venninne av henne som hadde vore på ei førelesing.

Intens og hissig

Ho byrjar å leggje ut om kva førelesinga handla om. For å vere heilt ærleg forstår eg ikkje det steike støv av kva ho snakkar om. Historia enda med ei ledig rektorstilling i Ulsteinvik. Eller noko slikt. Eg trur ho har sitt eige rektorspråk. Eit språk som berre ho forstår. Og andre rektorar, sjølv sagt.

Så må eg rett og slett spør henne, dama med makta over Volda vidaregåande skule, korleis er du som person? Ho pustar ut.

Alme

Lenge. "Det er vel ikkje eg den rette personen å spørje om." Ho ler. "Nei, eg veit ikkje det. Eg er sikkert intens og hissig. Og sikkert litt sånn..." Ho myser ut i lufta. Må finne det rette ordet. "Litt sånn.. Likar å få igjennom mine eigne meiningar. Og det må ein nesten vere skal ein sitte slik som eg gjer."

Tilfeldigheiter

Ho ser ut dei store vindauga. Sjonglerar med pennen. Ser på meg. "Kva tre ord vil du beskrive deg sjølv med?" spør eg henne. Ho ser på meg. Ser ein smule alvorleg ut. Eg blir nesten litt skremt. Og ut i frå det blå kjem det ei latterkule. "Eg trur eg er ganske arbeidsom. Eg kan nok vere hissig," seier ho etter at latteren har lagt seg. "Men det tredje? Nei, eg veit ikkje." Ho ler litt. "Får ta dykk ei runde ut i gangen og høyre kva dei seier."

Men ein tur ut i gangen blir det ikkje. For eg er redd for at viss eg går ut av dette kontoret tør eg aldri gå inn att. Så vi held fram med intervjuet. Og

eg spør henne det klassiske spørsmålet, kva ville ho bli då ho var mindre? Ho set seg tilbake i stolen i det ho svarar: "Nei, det er så lenge sidan at eg knapt hugsar det. Eg hadde i alle fall ikkje tenkt å bli lærar." Å kjære gud, den har eg høyrte før. "Tilfeldigheiter gjorde at eg enda i skulen. Og det er der eg har vore sidan."

Kravstor

"Eg har tre ungar," seier ho. "Eg har berre gutar. Gutane er veldig sjarmerande når dei veks opp". Ho ler litt. "Eg har fått det kjønnet eg klarer å styre. Slike snipete jentungar er ikkje sikkert eg hadde takla". Ho ler igjen. "Slettes ikkje viss eg skulle fletta håret deira. Eller sett det opp".

Så sit vi der, då. Eg og ho. Og fotografen som hostar i bakgrunnen. Det er ei dame med makt som sit framfor oss. Ei dame som har jobba med rektoryrket i ti år. Ei dame som har greie på det ho driv med. "Kva gode sider har du?" spør eg henne. Ho ser opp, ler

litt. Fiklar med pennen. "Ja, eg må vel ha nokre av dei òg," seier ho lattermild. "Eg trur eg er eit inkluderande menneske. Eit ope menneske på mange måtar. Eit menneske som bryr seg. Sikkert litt for mykje. Trur sjølv eg har lett for å prate med folk. Viss eg berre vil eller gidd, då". Og finst der dårlege sider? "Trur eg er hissig. Og så er eg kravstor på andre sine vegner."

Å bake og sånt

Ho sit der, i stolen sin. Sjefsstolen. Å ta viktige avgjerder er blitt ei vanesak for henne. Men korleis er ho på heimebane? "Hobbyar har eg knapt tid til. Anten vaskar eg, eller så bakar eg brød. Eller så ryddar eg hus. Nei altså, eg les mykje. Før i tida strikka eg. Veldig mykje." Når eg spør henne kva yndlingsboka er, får eg vite at det er krim det går mest i: "Eg er altetande når det gjeld krimbøker. Eg har funne ut at det er ei veldig god avslapping". Så fortel ho at ho skal byrje å lese ei bok av ein viss Knausgård sidan "alle" seier at den skal vere så bra. "Men vel eg fritt les eg krim. Anten engelsk eller svensk krim. Det er det eg er hekta på".

Eg må rett og slett berre spørje. "Er du husmor?" Ho smilar. "Når eg har tid." Ho ser ut vindaug. "Når eg har tid tykkjer eg det er kjekt å gjere ein del. Eller, ikkje vaske hus. Men å bake og sånt. Det er ei god avslapping. Mykje god frustrasjon går ned gjennom brøda".



Tekst: Hannah Miriam Kolås
Foto: Ingrid Telset Heltne

Volda vidaregåande



Olav Myklebust tykkjer at renoveringa er eit kjempeløft for skulen.

Dårleg økonomi er ei kjend problemstilling for offentlege skular. Dette fører til blant anna straumsparing, kutt i tilbod for lærarane, fagtilbod og utstyr. Pause har tatt seg ein prat med rektor Margaret Alme og tillitsvalt ved skulen, Olav Myklebust for å få eit betre innblikk i økonomien til skulen vår.

Går i minus

- Siste åra har skulen gått med minus kvart år. I 2009 med vel 400 000 kroner, og året før med 1,2 millionar. Vi får ikkje dekt dette av fylket sentralt, men må ta det inn att følgjande år, fortel Margaret. -For å forhindre dårlegare økonomi og for å skape balanse i

budsjettet sparer skulen på utstyr, kurs, vikarutgifter og ikkje minst fagtilbodet og lærartimane. Sjølv om skulebudsjettet går mykje i minus, har ikkje Volda vidaregåande noko særstilling når det gjeld å ha dårleg økonomi.

Kvifor skulen har ein dårleg økonomi

Rektor kan fortelje om ulike grunnar til at skulen har dårleg økonomi.

- Ein av grunnane er at vi har programområde som stort sett berre består av store klasser og at vi dermed ikkje kan drive meir effektivt ved å slå saman. På sal og service, der vi har små klasser har vi berre ei

klasse på kvart trinn, noko som gjer at vi heller ikkje der kan slå saman og spare timar, fortel ho.

Skulen får ein viss sum pengar med fylket kvart år, som hjelp til å dekkje dei fleste utgiftene for skulen. - Men det er blitt mykje dyrare å drive skule siste åra på grunn av alt datautstyret vi må investere i, legg Margaret til.

Toppidrett

Til skuleåret 2010/2011 kjem eit nytt idrettstilbod på skulen. Har skulen eigentleg pengar til det, og kjem den til å ha det på lang sikt?

- Vi har søkt om og fått ekstramidlar for dette tiltaket. Elles har skulen

er ikkje noko unntak

kvart år hatt to til tre grupper med breiddeidrett. Slik sett blir ikkje neste år dyrare på dette feltet enn tidlegare, seier Margaret.

- At vi må kutte i fagtilbodet kjem av at skulen no berre har tre parallellar på studiespesialisering mot fire tidlegare. Elles ser det ut til at vi kan få ekstramidlar i fleire år enn eitt. Utdanningsutvalet i fylket, som er skulane sitt særutval, gjekk inn for det. Av skulen sine egne midlar betaler vi neste år berre to grupper med idrett, kan Margaret fortelje.

Påverknad av dårleg økonomi

- Vi får mindre høve til å tilby eit breiare fagtilbod, dessutan må vi passe på kva vi kjøper av utstyr og liknande. Lærarane kan heller ikkje reise på alt dei vil av kurs. Skulen har heller ikkje hatt råd til personalseminar dei siste åra. For elevane er det helst at vi må tenke oss om når det gjeld fagtilbod, kjøp av utstyr og til dømes ekskursjonar, fortel rektor. Olav Myklebust meiner at skuleleiinga er flinke til å prioritere kva dei vil bruke pengane på.

- Det som er viktig er at faga og elevaktivitetar blir prioritert. Dette synest eg skulen er flinke til å strekkje seg langt for. Tredjeklassingane er til dømes i utlandet på ekskursjon for å få meir kunnskap av andre



Margaret Alme og resten av skuleleiinga gjer det dei kan for å halde balanse i skulebudsjettet.

miljø. Dette er noko ein ikkje lærer ved å site i eit klasserom, seier han.

- Eg trur ikkje at Volda vidaregåande har noko særstilling når det gjeld å ha dårleg økonomi. Det er litt variasjonar med kva slags fag ein skule har å tilby, men det er mange skular som slit økonomisk. Skulen her har også gjort innsparing når det gjeld antal elevar på kvar kontaktlærer, no er det særskildt på andre- og tredjeklassingane der er det ein kontaktlærer per klasse. Det er sjølvsagt arbeidskrevande og utfordrande, det ein kontaktlærer skal gjer aukar i mengd. Større ansvar og fleire funksjonar i forholdet til elevar, med blant anna



Olav har arbeidd på skular med mykje verre økonomi enn det Volda vidaregåande har.

oppfølging, fortsett han med.

Olav kan også fortele at han sjølv har arbeidd på skular med undervisningsgrupper med opp imot femti elevar på ein lærar, så nedkuttinga på kontaktlærarane her på skulen er ikkje ein uvanleg situasjon.

- Over 90% av skulen sitt budsjett er løn, og det er her vi må spare for å klare å kome i balanse, seier Margaret.

Tekst og Foto: Alise Stokseth Rætta

Foto: Ingrid Telset Heltne Maris Mänd

Ein dag hjå musikk, dans og drama

Har du nokon gong lurt på kva dei andre elevane på skulen driv på med? Kva med musikklinja, gjer dei noko anna enn å syngje, dramatisere og danse? I denne og neste utgåve av Pause, får du sjå litt meir om kva dei ulike studieretningane gjer på skulen. I denne utgåva tek vi føre oss Musikk, Dans og Drama. I neste utgåvene vil vi finne ut litt meir om Studiespesialisering, Service og Samferdsel og medium og kommunikasjon.

Tekst og foto: Linda N. Nordstrand



Jonas Krøvel spelar inn bass i lyd-studioet på skulen.



Martine Humberset, Stine I. Dimmen og Stine L. Storeide lagar ein presentasjon i musikkteori.



Karina H. Kvalsund og Siri K. Austnes spelar inn Lostprophets sangen "4am forever" i lydstudio.



Therese Aakre og Martin Morland jobbar med eit prosjekt i musikkteori.

Sol og ski, det er påske!

I Noreg har ein ulike måtar å markere påska på. Nokon går i kyrkja, for å markere den religiøst, medan andre ikkje markerar den religiøst, men utifrå tradisjonar.

Ei religiøs høgtid

Påska er i utgangspunktet ei religiøs høgtid. I den kristne tradisjonen feirast påska for å minnast at Jesus blei korsfesta og drept, og sto opp igjen frå de døde. Påska er den viktigaste høgtida i kristendomen, og den markerast på ulike måtar ulike plassar i verda.

Vårfest

Før kristendomen blei inført i Noreg, markerte mange noko som blei kalla vårfest. Då feira ein at naturen vakna til livet igjen etter ein lang vinter. Mange av symbolane frå vårfesten er smelta inn i påsketradisjonen, og er

fortsatt i bruk i dag. Gul blir rekna som ein påskefarge. Vi går inn i nye tider med mykje sol, som er grunnen til at gul-fargen er relevant i påska.

Tradisjonar

Sjølv om påska i utgangspunktet er ei religiøs høgtid, er det svært mange som ikkje markerar dette religiøst, men har ulike tradisjonar ein gjer. Det er og typisk norsk å lese påskekrim, pynte med påskekyllingar og ha påskeegg.

Påskeegg: Egg som er mala i ulike mønster er noko svært mange forbinder med påske. Egget er symbol på fruktbarhet og nytt liv. Ein kallar og boksene, forma som egg, med godteri inni for påskeegg. Dette er ein vanleg tradisjon i Noreg.

Påskekylling: Dei gule kyllingane er eit nordisk påskesymbol. På same måte som egget er kyllingar symbol på nytt liv.

Ski: Påsketider er høgsesong for å gå på ski. Å gå på ski og ha med seg kvikk-lunsj og appelsin i ryggsekken er den idèelle påskeferien for mange nordmenn.

Påskekrim: Rundt 1920 blei det lansert ein krim rundt påsketider i Noreg. Det hevdast at populariteten rundt dette var oppstarten til det som no blir kalla påskekrim. I Noreg er det populært med påskekrim i form av litteratur, lyd-reportasjar og film.

Tekst og foto: Ingvild Marie Velsvik

Kva betyr påske for deg og har du eit påskeminne?



Marthe Rydjord Hansen - 2MK

Påske betyr ferie for meg. Eg leitar etter påskeegg, og et godteri. Eg forbinder også påske med skiturar med kvikk-lunsj og appelsin som lunsj, sjølv om eg ikkje går på ski.



Liv Woldsund - 3ST4

I påska brukar eg å reise på familietur til hytta på Bjorli. Der renn eg på slalom, eller går på langrenn. Eg har og påskeegg. Først og fremst betyr påske ferie for meg.



Victoria Leite Høydal - 3ST4

Påske betyr fri fra skulen. Vi brukar å ete ribbe på påskeafta, og få påskeegg. Men i år blir det vel eg som må lage påskeegg til mi eiga datter. Når vi var små gjekk vi på ski i Grøndalen, men eg veit ikkje om vi skal det i år.



Jonas Bjørdal - 2ST2

Påske betyr ski og sol for meg. Eg brukar å ha påskeegg og vere mykje på Reset i påska.

Pauseprat med Liss Hege Mørch

Kva tre bøker har hatt mest innflytelse på deg?

«Heksene» av Roahl Dahl, då eg var 13 år. Då eg studerte fransk likte eg veldig godt ei bok som

heiter «Vente på Godot» av Samuel Beckett. Den er beskrive av litteraturvitarar som ei bok der ingenting skjer to gangar. Nyleg las eg ei bok som heiter «Pinnsvinets Eleganse» av Muriel Barbery som eg synest var ganske stillferdig.

Kva er det beste med å vere lærar?

Elevane, definitivt. Det er veldig kjekt å bruke heile dagen sin saman med unge menneske. Eg synest at uttrykket «ungdommen no til dags» ikkje burde vere eit uttrykk som vi oppfattar negativt.

Det er også veldig kjekt å få lov til å prate om det eg likar aller best heile dagen.

Kva er det verste med å vere lærar?

Det verste er vel at i periodar arbeider vi nesten livet av oss. Det er ganske tungt, og det er ofte arbeidsoppgåver som ikkje er knytt til elevar i det heile.

Dersom du skulle vore gift med ein annan lærar

på skulen, kven skulle det vore?

Hm, det skulle vel vore Kristin Mork. Ho kan eg gifte meg med så kan vi drikke te heile dagen.

Kva drøymde du om å bli då du var liten?

Helikopterpilot, faktisk. Så eg bomma vel eigenleg litt.

Korleis ser den perfekte fredagskvelden ut for deg?

Eg er tidleg ferdig på jobb på fredagar, så det er ganske herleg. Dersom eg er flink, så går eg ein god tur med hunden min, og så kan eg sitte med beina høgt og sjå på film med ungane mine resten av kvelden.

Dersom du skulle gitt ros til ein av lærarane ved skulen, kven skulle det ha vore og kvifor?

Eg veit ikkje.. Eg vil kanskje skryte av alle og seie at dei er veldig kjekke. Dei er alle veldig tilgjengelege, og dersom eg treng hjelp spelar det inga rolle kven som er i nærheita, det er berre å spørje. Eg opplever dei som veldig flinke og dyktige folk, og eg synest det er kjekt å ha pausar saman med dei.

Kva har du alltid i veska/lomma?

Eg har alltid mobilen i lomma, og ofte ein lypsyl eller ein te-pose.

Kva tre plassar i verda har du mest lyst til å reise til?

Eg har veldig lyst til å reise til sørvestkysten av Frankrike, og resten av Frankrike. Har også veldig lyst på rideferie på Island, og akkurat no kunne eg godt tenkt meg ein sol-ferie til syden. Til og med eg har blitt lei av snøen no.

Kva er dei tre beste filmene du veit om?

Eg har nettopp oppdaga at eg har ei romantisk side, så eg likar «Pride and Prejudice» veldig godt.

Har aldri hatt sansen for sånt før. Så likar eg veldig godt å sjå «Dumb and Dumber» med ungane mine, for dei flirer så godt. Eg likte også lenge «The Shawshank Redemption.» Det er ein av dei få filmene eg hugsar som eg har likt veldig godt.

Tekst: Ingrid Beate Foldal

Foto: Sunniva Botn Heltne





MÅNADENS FOTO



Fotograf: Sunniva Botn Heltne, 2MK

Send inn ditt månedens foto til pauseavis@gmail.com

Saker i elevrådet:

Skulemiljøutvalet.

Dei skal vere valde, men vi har ikkje fått namna. Halve skuleåret er gått så det spørst om får danna eit utval før det er for seint.

Kantineproblematikk

Det er ønske om matautomat på nedre bygg, for å unngå lange køar, forseinking og tilgang til mat når kantina er stengd. Elevrådet vil sjå nærmare på saka. Leiinga er lite innstilte på å starte automatsal på nedre, det vil gå utover salet i kantina.

Klasseromsfløya

Gardiner manglar, mykje støy. Dette problemet er verre no. Men det er lite skulen kan gjere med problemet, anna enn å

stoppe arbeidet dersom det er heilt spesielle ting som skal skje.

Vi jobbar med å få på plass solskjerming. No ser det ut til å bli i veke 9.

Kva bussar kan elevane ta?

Elevane ynskjer ei oversikt over kva bussar dei kan ta frå kvar. Burde ligge på fronter.

Hybelbuarkveldar.

Sist var det svært få påmelde, men ynskjer elevane eit slikt tilbud? Elevane vil prøve tilbudet på nytt med betre annonsering og meir tilgjengeleg påmelding.

Infoskjermene.

Det burde ryddast på info-skjermene.

Klage på lærar.

Elevane kjenner ikkje til rutineane for klage på lærar. Bør leggast ut på nytt.

Dataopplæring.

Elevane treng tidleg opplæring innan både fronter og Skolearena.

*Frå referat elevrådet,
Espen A. Breivik*



HUMMAR & KANARI



Gåte

-Kva slags dyr er det tristaste i skogen?

elg-U-

Visste du at ..?

om musikalen MoonWalker

- 47 % av tilfeldige forbi-paserande har sett musikalen

- 95 % synest det var eit godt kulturelt tiltak.

- 88 % ville vurdere å sjå musikalen i år.

- 77% hadde kjennskap til musikalen.

Har du eit godt påskeminne?



Erlend Løvold

Ein påskeferie når eg var liten, var det kjempemykje snøv på hytta. Vi gravde ei kjempestor snøhule og leika politi og røvar, gangane i hula gjorde det ekstra vanskeleg og spanande, gode minner!



Marte Ryste Øren

Ein påskeferie skulle eg fiske på brygga, og då eg skulle hive ut troda, klarte eg å hive meg sjølv ut i vatnet i boblejakke. Det vart årets første svømmetur!



Anna Elise Vadset

For nokre år sidan fekk vi eit stort påskeegg heime, i staden for mange små. Det verka som om det vart mykje meir godteri på alle, og vi fekk mykje meir glede av det. I tillegg vart det enklare å snike til seg litt ekstra utan at nokon la merke til det.

TIPS OSS!

Pauseavis@gmail.com

helsingar
lesarinnlegg
bilete
idear til saker